



# Hyttemøte 28.02.2024

Kultursalen Vøringsfoss Hotell, kl. 13:00

## Innleiing

*v/Ordførar Timo Knoch*

Nyvald ordførar Timo ynskja velkommen til Eidfjord sitt første hyttemøte. Bakgrunn for hyttemøte var etter inspirert frå Gol kommune, kor han sjølv har hytta. Føremålet med møtet er å skapa eit dialogforum med kommunen, kor ein kan informera om relevante saker.

Ordførar informerte om kommunen sine heimesider og appen Civis. I appen Civis kan ein få varsel om hendingar i kommunen. Appen nyttast til mellom anna annonsering av politiske møter, relevante vedtak, kinovisningar, aktivitetar og relevante nyheiter i kommunen.

## Vatn og avlaup i Sysendalen

*v/Arne Bu, einingsleiar Drift og Forvaltning*

### Status tilknytingsstopp og reinseanlegg

Forureiningsforskrifta sett krav til utslepp og reinsing av avlaup. For Sysendalen er resipient (mottakar) ferskvatn og utsleppet er stort nok til at det er Statsforvaltaren som gir utsleppsløyve.

Eidfjord kommune er delt opp i ulike avgiftssoner, der Sysendalen er ei eiga sone. For Sysendalen avgiftssone er det Kapittel 14 i forureiningsforskrifta som gjeld.

Sysendalen avgiftsområde er eit eige sjølvkostområde. Alt av arbeid, drift, vedlikehald og investering på VA-nettet innanfor dette området går på sjølvkosten til dette området. Sjølvkosten er rekna på ei tidshorisont på 40 år nedbetaling.

Det er to avlaupsreinseanlegg i Sysendalen i dag og dei skal no verte til eitt anlegg. Det utsleppsløyvet me har i dag er for lite til den belastninga som faktisk er.

Me har sidan vinteren 2023 hatt tilknytingsstopp for nye abonnement i Sysendalen. Tilknytingsstopp, ikkje byggestopp. Dette er likevel ofte to sider av same sak. Kommunen har arbeida med å få på plass mellombelse tiltak slik at fleire kan knytast på fram til reinseanlegget er ferdig. Tiltaket inneber nedgravne buffertankar ved dei to reinseanlegga der overskotet av avlaup vert samla opp og køyrt vekk i periodar der pågangen er stor. Desse tiltaka er no ferdig etablert, og det gjenstår berre ferdigattest på byggjetiltaka.

Det vart understreka at dei mellombelse tiltaka er nettopp det, mellombelse. Dei er inga kvilepute og skal fjernast når nytt reinseanlegg er på plass.



Kommunen hadde eit stort ynskje om å syne fram arkitektteikning av sjølv bygget til det nye reinseanlegget, men dette vart ikkje klart dessverre. Bygget vert annleis enn dei skissene som har vore synt fram tidlegare.

Det kom spørsmål om storleik på bygget. Kommunen svarte at ein storleik på 20 x 50 meter er heilt relevant. Høgda på bygget kjem ann på teknisk løysing inni bygget. Den tekniske løysinga skal i hovudsak vera løyst på golv innomhus, ikkje støypte tankar.

Kostnaden med reinseanlegget er stor. Kalkyle for totalkostnad utarbeida i 2021 var 159 millionar. Det er fleire usikkerheitsmoment knytt til kostnad, til dømes valuta om me må kjøpe prosess frå utlandet.

Bygging av nytt reinseanlegg førar til gebyrauke grunna store investeringar. Det er de som eig hytte eller bustad i Sysendalen som vert påført kostnaden gjennom avlaupsområdet.

Kommunen har for nytt reinseanlegg fått utsleppsløyve for 8000 PE av Statsforvaltaren. PE= personekvivalent, forenkla definert som eit tal for kor mykje utslepp ein voksen person har i eitt døgn. Utsleppsløyvet tek utgangspunkt i maks belastningsdøgn.

Det kom spørsmål frå salen om kva utslepp det er i dag, der kommunen svarte at det er på det minste 50 PE og på det meste opp mot 5000 PE. Me tek utgangspunkt i maksveker og døgn ved ein slik berekning.

Det kom spørsmål frå salen om me ikkje kan rekne oss fram til kor mange hytter det er plass til når utsleppsløyvet er på 8000 PE. Kommunen svarte at det ikkje er berekna tal senger, men kor mange ein reknar med er på hytta i høgsesongen. 8000 PE er utsleppsløyve, men me legg til rette for å kunne utvide kapasiteten på sjølv reinseanlegget ved behov.

Det kom spørsmål frå salen om Eidfjord resort er rekna med i løyvet, sjølv om det rår usikkerheit om etablering. Kommunen svarte at det ikkje har noko å sei kor utløpet kjem frå. Dei er rekna med i dei 1300 einingane som er regulert i reguleringsplan, kven av desse hyttene som vert bygd først kan ikkje kommunen vite. Det vart opplyst om at det er ca. 1300 hytter etablerte hytter i dag og ca like mange planlagde ubebygde tomter.

Det var stilt spørsmål om kva gebyrauken vert. Kommunen opplyste om at det er 65% auke på avlaup og 35% auke på vassavgift for avgiftsområde Sysendalen i budsjettet for 2024. For 2025 er det rekna ytterlegare 40% auke. Men vil og vera avhengig av kor mange nye tilknytningar det vil verta dei neste åra.

Det kom ynskjer frå salen å vite meir om kva gebyra vert lengre fram i tid. Kommunen svarte at det er mykje som skal inn i desse berekningane og at me har inne eit konsultentselskap som reknar på sjølvkosten. Kostnaden til nytt reinseanlegg er enda usikkert, men gebyra har utgangspunkt i investeringsrekneskapen og vert justert



årleg. Rentekostnaden på lån skal også dekkast i gebyret, kommunen opplever på lik lina som andre at renta aukar.

Kommunen fortalte om framdriftsplanen for reinseanlegget og at den er stram. Det skal ikkje mykje skjær i sjøen til før me ikkje klarer å halde den. Statsforvaltaren har gjeve frist for etablering av nytt reinseanlegg til 2025.



## Kommuneplanen sin arealdel

v/ Anne Kommedal, rådgjevar arealplan

Administrasjonen gav ein kjapp innføring i planhierarkiet som grunnlag for presentasjonen. Kommuneplanen er grunnlaget for utviklingsretninga i kommunen. Ein tek strategiske val kring utfordringar og mål for kommunen.

Eidfjord kommune reviderer kommuneplanen sin arealdel frå 2011.

Kommuneadministrasjonen har med seg konsulentselskap som bistår i utarbeidinga av planen. Planarbeidet har ei politisk styringsgruppa som består av formannskapet i Eidfjord kommune som tek politiske val gjennom prosessen. Arbeidet med kommuneplanen starta opp i overgang 2021-2022, me har hatt brei medverknad og arbeider no med innspel me har fått. Kommuneplanen skal etter planen på høyring hausten 2024, i samband med dette er det ein målsetnad å ha stadvise møter i kommunen med gjennomgang av planmateriellet. Kommunen vonar fritidsbustadeigarane vil ta del i dette.





Kommuneplanen skal gjelda i ein tidsperiode på 10-15 år fram i tid. I planlegginga må ein ta innover seg framtidstrendar. Kommunen har overordna planar og retningslinjer frå statlege mynder som må takast med i planlegginga.

Det er mange utfordringar som må takast omsyn til i planlegginga framover. Dette er blant anna endring i demografi, arbeidsmarknad, fråflytting. Natur- og arealressursar under press. Auka fare for klimaendringar.

Ordførar la til nokon ord om at kommunen kan ikkje berre drive på slik me vil, me har overordna føringar på nasjonalt og regionalt nivå som me må ta stilling til.

## Drift og forvaltning arbeider for tida med

*v/ Anne Kommedal, rådgjevar arealplan*

### Renovasjonspunkt i Sysendalen

Me ynskja å ha kjeldesortering på reinseanleggstomta, men måtte dessverre ta dette ut. Me arbeidar vidare med å finne anna plassering. Det er på trappene strengare krav til renovasjonsløyisingar for fritidsbustadområder.

### Tilsynsstrategi

Kommunen har plikt til å føre tilsyn med byggjesaker og fylgje opp ulovlegheiter. Kommuneadministrasjonen held på å utarbeide ein strategi for tilsyn som skal ta opp kva tema som skal prioriterast dei neste fire åra. Departementet sett krav om tema som kommunane skal ha med i sine prioriterte tilsynsområde for ein gjeve tidsperiode. Frå 2024-2026 er det tilsyn med om det føreligg dokumentasjon av krav til tryggleik mot naturfarar og at hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovleg. Kommunen kjem i tillegg til å prioritere tilsyn med anneks og ulovlege vegar.

### Planstrategi

For kvar valperiode skal kommunestyret vedtaka ein planstrategi for kommande valperiode, her 2023-2027. Planstrategien skal sei noko om kva planarbeid kommunen skal prioritera dei kommande åra. Planstrategien forhold seg til planar heimla med plan- og bygningslova.

Kommunen er i oppstartsfasen med kunnskapsgrunnlaget til planstrategien, og vil utover våren arbeida konkret med planstrategien. Kommunen ser allereie at Sti- og løypeplan for Eidfjord kommune og Trafikksikringsplan vil vera to relevante planar å prioritera inn mot kommande planstrategi. Desse vil ha innverknad på Sysendalen, og me vonar fritidsbustadeigarane vil taka del i arbeidet når den tid kjem. Kommunen vil annonsera tydeleg når arbeidet vert starta opp.

### Annet

Kommunen oppfordrar frå eit beredskapsperspektiv til at fritidsbustadeigarane bør merka sin bustad med adressenummer. Dette er særst viktig ved behov for akutt



naudhjelp. Fleire fritidsbustadområder i Sysendalen har svært lik karakter og utsjånad, det kan då vera utfordrande å finna fram til rett eining når det står om tid.

## Grønt Hytteliv på Vestlandet

*v/ordfører*

Eidfjord kommune deltok i eit felles prosjekt med kommunane Bergen, Voss og Kvam der ein skulle fokusera på klimafotavtrykket for hyttebygging. Det innebærer utslepp knytt til arealbruk, bygging, materialval og bruk av hytta når den er ferdigstilt.

Det er i rapporten satt opp anbefalte tiltak for kommunen. Delingsøkonomi har fått best utslag. Det å dele hytta si er eit tema. I ei undersøking gjort i 2023 oppgav 95 % at dei ikkje leig ut i dag, mens 9 % sa dei kunne tenkje seg å leige ut.

Transport er også en stor negativ post. Det er gjerne ikkje realistisk at alle tek kollektivt til hyttene, men kom fram i rapporten at kanskje tilbod innad i kommunen kunne vere positivt, slik som skibuss opp til Sysendalen og innad i hyttefeltene.

## Kultur og idrettstilbod

*v/ Bergljot Maria Veivåg Hauso, kultursjef på avdeling for Kultur, næring og bærekraft.*

Det er masse kulturtilbod i Eidfjord – også for dei på hytta! “Kva skjer” på heimesida er oppdatert med hendingar i kommunen, mykje vert også informert i Civis appen.

Ulike tilbod vart teke opp og informert om.

Blant anna har kommunen ein eigen «fløy» av Vøringsfoss hotell som vert nytta til kulturtilbod. Det er blant anna kinosal og galleri. Det er kino kvar sundag og billettane er svært rimelege.

Galleriet som kommunen driv har utstillingar i regi av kommunen, men er og mogleg å leige for kunstnarar som på eige initiativ ynskjer stille ut. No er det til dømes ein flott utstilling frå ein kunstnar med hytte på fjellet, så her er det berre å stikke innom.

Utstillingsprogram ligg på heimesida, fyrste utstilling i 2024 opnar 11. April.

## Orientering om Sysendalen Skisenter

*v/ordfører*

Det vart opplyst om status for Sysendalen skisenter.

Eidfjord kommune understrekar at dei er klar over kor verdifullt skianlegget er for kommunen, og ynskjer vidare drift av skianlegget. Leigeavtalen går ut 31.12.2025, men det pågår dialog og forhandlingar med grunneigarane om ny avtale. Det er i mellomtida avklart at Hardanger Ski- og Fjellsport AS driftar sesongen 24/25 slik at me har drift fram til leigeavtalen går ut.



## Spørsmål og attendemeldingar:

Det kom fleire spørsmål og kommentarar på slutten av møtet, spesielt knytt til skisenteret. Spørsmål og påstandar med påfølgjande svar frå kommunen lista opp under.

- Virker som dialogen er fastlåst. Vanskeleg å innfri krava som grunneigar stillar. Er det reell dialog?
  - o *Det er reell dialog, men kommunen kan ikkje blande reguleringsplan og avtalen. Dette er kommunen svært tydeleg på.*
  
- Dersom skitilbodet forsvinn er det vanskeleg å få med seg barna på hytta. Det kan også få negative konsekvensar for hyttebygginga. Virker som god løype den som er foreslått som alternativ til «koffertløypa». Bratte løyper i dag. Litt meir lågterskel løyper vil trekke enda fleire.
  - o *Kommunen vil strekka seg langt for å oppretthalda tilbodet. Sysendalen skisenter er viktig for heile dalen og det er viktig med ein felles forståing av dette blant grunneigarar óg.*
  
- Kva betyr Sysendalen for Eidfjord kommune? Er det eit satsingsområde?
  - o *Sysendalen er eit satsingsområde for Eidfjord i fylgje samfunnsplanen som har "Eidfjord som besøkskommune" som prioritering. Men kva betyr det for oss? Det spørsmålet har ordførar stilt seg óg. Kommunen skal gjennomføra ein berekraftsanalyse for Sysendalen, som vil gi oss en peikepinn på dette. Berekraftsanalysen vil taka stilling til berekraftsprinisppa under; miljøtilhøver, sosialt og økonomiske forhold. Ofte påstandar om hytteutbygging, både negativt og positivt, håpet er at berekraftsanalysen kan gje oss eit betre faktagrunnlag.*
  
- RV. 7 – kven har ansvar og korleis tas det med i planane til kommunen?
  - o *Det er Statens Vegvesen som har ansvar for riksvegen. Kommunen kan leggje til rette slik me best kan i våre planar, men me er avhengige av eit samarbeid her. Me har i utgangspunktet ynskje om at SVV lagar ein reguleringsplan som dekkjer heile riksvegstrekinga i kommunen.*
  
- Dei som byggjar hytte nå har små barn. Interesse for skianlegget. Mykje som er uvisst her og det er greit. Mange er interessert i ei vidare utbygging av skianlegget vidare oppover. Meiner skibakkane som er planlagt i Eidfjord Resort er slakke. Større og breiare tilbod til alle som har lyst å stå på alpint.
  - o *Ligg i dag område for utviding av dagens skianlegg i kommuneplan. Kommunen eig ikkje området men er positiv til vidare utvikling av anlegget. Drift av skianlegg er ikkje del av kommunen sine lovpålagte oppgåver, men noko ein ser viktig å leggja til rette for.*



## EIDFJORD KOMMUNE

- *Utfordringa vil vera å finna investorar. Kommunen har ikkje råd til slike investeringar, då ein har ein samla lånegjeld på 120% av netto driftsinntekter i økonomiplanperioden.*

	Eidfjord	Eidfjord	Eidfjord	Eidfjord	Gjennomsnitt
	2024	2025	2026	2027	Gruppe 17 (2022)
Lånegjeld	160 mill.	280 mill.	308 mill.	311 mill.	
Lånegjeld pr.innbyggjar	166 240	248 906	262 724	250 313	127 807
<b>Lånegjeld i % av brutto</b>	<b>65 %</b>	<b>111 %</b>	<b>119 %</b>	<b>120 %</b>	<b>61 %</b>
driftsinntekter					
<b>Budsjetterte renter (heile tusen)</b>	<b>8 238</b>	<b>13 217</b>	<b>15 577</b>	<b>17 024</b>	
<b>Budsjetterte avdrag (heile tusen)</b>	<b>8 727</b>	<b>11 227</b>	<b>12 839</b>	<b>13 527</b>	

- Har kommunen laga rekneskap for kva hytteeigarane bidreg med?
  - *Dette er noko som vil verte sett på i berekraftsanalysen for Sysendalen som kommunestyret løyva midlar til i desember 2023. Denne skal belysa alle berekraftsdimensjonar, det økonomiske, sosiale og miljømessige.*
- Skisenteret (bygningmassen) er eigd av kommunen. Når avtalen med dagens drivarar går ut, kjem kommunen til å drive vidare med den strukturen som har vore?
  - *Kommunen kjem nok ikkje til å drifte eit skisenter sjølv. Kommunen er villig til å vurdere å kjøpe alt utstyr sjølv om avtalen ikkje går vidare med same selskap. Dette vil bidra til å gjere det lettare å gå vidare med nytt selskap. Men her er ikkje noko avgjort enda.*
- Må det nye eigarar til for vidare drift av skisenteret?
  - *Sysendalen Skisenter AS er kommunalt eid selskap. Dei har avtale med Hardangervidda Ski og Fjellsport AS (alias Skigutane) og dei skal driva óg sesongen 24/25.*
- Kva føringar har dei som eigar på drifta av skisenteret? Det er kort sesong. Uavhengig av snømengde og forhold.
  - *Opningstidene er heimla i kontrakten som ligg til grunn i dag. Ynskje om utvida sesong kan takast med vidare i evt. ny kontrakt.*
- Positivt å høyre at det er nokon som er interessert i å drive skisenteret vidare, men det er kanskje ikkje kommersielt interessant? Tilskot?
  - *Ser ikkje noko teikn på at det ikkje skal fortsette med støtte slik det gjer no. Kommunen støttar med 1 million per år til skisenteret og 400 000 til løyper.*



## EIDFJORD KOMMUNE

*Sjølve drifta av Sysendalen skisenter AS har vore støtta med kr 190 000,- årleg, men vert no auka til kr 290 000,-. I tillegg har kommunen støtta ulike løypetiltak, bl.a. etablering av sommarløyper med kr 800 000,- i fjor.*

- Er det aktuelt med tilskot til Eidfjord Resort på same måte som til dagens skisenter?
  - o *Det er eit hypotetisk spørsmål som kommunen vil måtte ta stilling til når den tida kjem.*
  
- Eidfjord er meir enn berre skianlegget. Så myke bra. Håper EK tenkjer gjennom kva turistane ynskjer seg når dei kjem hit og korleis det skal forvaltast best mogleg. Etablerte campingplasser vert motarbeida av campingvogner som står gratis bl.a på Fossatromme. Turstien inn til botn av Vøringsfossen og gamlevegen opp Måbødalen burde verte utarbeida og sistnemnte opna att.
  - o *Trist at gamlevegen er stengt. Kommunen har over lang tid arbeida for å opne igjen. Gamlevegen gjennom Måbødalen er eit freda veganlegg, dette gjer restriksjonar på kva ein får gjera. Beskjeden til no har vore at det er for farleg å gjere arbeid på den. Kommunen ynskjer også å ha den open både i beredskapsøyemed og for myke trafikantar*
  - o *Gamlevegen gjennom Måbødalen er i Statens vegvesen sitt eigarskap.*
  - o *I forhold til parkering har kommunen har nokon verktøy i kassen. Parkeringsforskrift er ein av dei. Det er og eit spørsmål om kor mykje ein skal man tilretteleggja på populære utfartspunkter (toalett, renovasjon, bubiltømming m.m.), ettersom dette kan tiltrekke seg endå fleire. Kommunen bør ivareta dei som ferdes i området vårt med naudsynt infrastruktur, men det er synd at tilbodet vert nytta som campingplass. Me har likevel forståing for at det er ynskje om å parkere bubil eller campingvogn i dei flotte omgjevnadane våre.*
  
- Når vert det avklaring på avtale om skitrekket?
  - o *Vonar rundt sommaren 2024. Utan at skitrekket må takast ned er målsetnaden.*